

Møre

Avis for Søre Sunnmøre

NORSK LANDBOEBLAD (1810) - LANDBOE-AVISEN - POSTBUDET - MØRINGEN - UGEBLADET

Laurdag

09. FEBRUAR 2013 - NR. 17 - 111. ÅRG. (205. ÅRG.)

LAUSSAL KR. 20,-

Kitar på Rotevatnet

SIDE 12



Skiltar Kvivsvegen

SIDE 6

Privatskule:
Rådmannen fryktar for økonomien

SIDE 7

Utvikling pressar bustad-behovet

SIDE 4

Ytringsfridom i fokus

SIDE 9



I dag:

Tankar om E-39 - Oddvar Bjørkedal

Helsepolitikk for alle - Harald T. Nesvik

Framtidas lærarar - språket sin bødde! - Marit Nerås Krogsæter

Ytringsfridom i helseforetaka - Jan Inge Sørby

God slalåm-forhold

SIDE 24



Inga sjølvfølge å vere frisk

SIDE 13



Ferjeopprør!



Det er starta protestkampanje mot at nattferja på strekninga Volda-Folkestad skal gå ut. Særleg ungdom, i

eit stort område frå Bjørkedalen til Vanylven, stiller seg uforståande til at politikarane på denne måten kan

vedta å ville drepe det som er av bulyst i distriktet!

SIDE 11

Tango-feber i Volda

SIDE 16



coop
byggmix

Restesalg Diplomaterblad 90x200 - 90x210 formpressa

399,-



Stort utval av
KLOKKER
interoptik
Nymark
tlf. 70 07 60 19



kjøkken?

SENATOR

Røysbakken 5
v/ Europris
www.epoi.no

Kommunen gir ikkje opp industriområde

Volda kommune ynskjer å kjøpe ut grunneigarane i det planlagde næringsområdet på Øvre Rotset. Alle unntatt ein har gått med på frivillig skjøen. I eit brev til den siste grunneigar-gjer kommunen det klart at om det ikkje vert semje, så vil kommunen gå til oreigning.

Kommunen har ikkje endra syn og er framleis innstilt på å løyse inn og bygge ut næringsarealet i eigen regi slik vi har signalisert tidlegare. Vi har notert oss at Per Schjelderup ikkje er interessert i å inngå avtale om frivillig skjøen med Volda kommune. Vi beklagar dette og viser til kommunestyret sitt vedtak den 30.08.2012, der det vart gjort vedtak om at dersom det ikkje lukkast å kome fram til ein frivillig avtale også med eigaren av gbnr. 30/4, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen gjennom oreigning. Vi er klar over at kommunen ikkje har grunnlag for oreigning i dag, men som kjent er området under regulering, og når reguleringsplanen er ferdig vil kommunen ha det nødvendige juridiske grunnlaget for å gå vidare med saka, skriv leiar samordnings- og utviklingsstaben, Arne Eliassen, i eit brev til Schjelderup sin advokat. Eliassen nyttar enno ein gong høvet til å oppmode Schjelderup om å reevaluere standpunktet sitt.

Vi kan ikkje sjå kva grunneigarane kan oppnå ved å ikkje gå inn på ein frivillig avtale no, då det er liten tvil om at skjønnsretten si prisfastsetjing i det førestående avtaleskjønnet vil bli retningsgevande for skjønnsretten i eit eventuelt oreignings-skjøen nokre månader seinare, avsluttar han.

Rassikring i Dalsfjorden: Formannskapet løyvde pengar til planarbeid

For at Dalsfjorden og Fylkesveg 40 skal kome opp på prioriteringslista for Fylkeskommunen sitt rassikringsarbeid, må det føreliggje ein reguleringsplan for rassikring. Tysdag vedtok Volda formannskap å løyve 200.000 kroner til naudsynt planarbeid.

Det vert regulert for:

* Tiltak Tobbeneset, terengtiltak og utretting av kurvatur

* Tiltak Fjøsneset, terengtiltak og utretting av kurvatur

* Tiltak Lissjeneset, terengtiltak

* Tiltak Skarhamrane, fonnoverbygg.

Når dette planarbeidet er utført, forventar Formannskapet at Fylkeskommunen prioriterer tiltak slik at austsida av Dalsfjorden, frå Steinsvik til Folkestad, vert definert som rassikker og bommane kan demonterast.

Varme tonar på Mylnå

Torsdag var det klart for opningskonsert i samband med den nystarta Tangofestivalen i Volda. Det var eit fullsett kafelokale som venta på dei fyrste tonane.

I dag skal vi få høyre eit utval av klassiske tangomelodiar, primært frå Argentina og Uruguay, fortel Øyvind Robak, som spelar bandleon i Tangolauget. Robak er òg initiativtakar til festivalen. I kaféen vert rommet fylt med lyd frå instrumenta bandoneon, kontrabass, gitar og song i eit harmonisk samspel. Kvariteten presenterer både tempofylte og rolege melodiar. Mellom innsлага vert publikum òg presentert for bakgrunnen til dei ulike songane.

Aasen-tekst

I samband med Språkåret og at det er 200 år sidan Ivar Aasen var fødd, har Robak sett tangomelodi til Aasen sin tekst «Hugen til rikdom». Denne vart framført eit stykke ut i konserten, etterfølgd av stor applaus.

- Dette var ein tekst som eg synest passa til tangogenren, fortel Robak, og legg til at han har planer om å lage fleire melodiar til Aasen-tekstar i tida som kjem.

- I tango er kjærleik og moralske spørsmål vanlege tema. Dette er noko vi kan finne i nokre av Aasen sine tekstar, fortel Robak.

Fint pust i vintermørket

Ein av dei som har teke turen til opningskonserten er Hjalmar Eiksund.



* Tangolauget opna Tangofestivalen 2013.

- Eg synest dette var eit veldig fint pust i vintermørket, seier han. Eiksund fortel at han skal få med seg mest mogleg av arrangementa under tangofestivalen.

- Eg synest dette var veldig bra. Det er flott at Øyvind Robak har teke initiativ til å skipe ein slik festival, seier Eiksund. Òg Kristen Irene Buset var ein av dei som ynskje å få med seg opningskonserten med Tangolauget.

- Dette var veldig hyggeleg. Tango er flott å høyre på, og eg synest gruppa var veldig flinke, seier ho.



* Vokalist: Ruth Olina Lødemel.


Rett stemning

Medan publikum nyt musikken, høyrast klirring i kaffikoppar og eit kassaapparat som går opp og igjen. Det er ikkje tilfeldig at

opningskonserten vert helden på Mylnå.

- Der tango kjem frå er det ikkje uvanleg at musikken vert framført på kafear. Eg meiner Mylnå er eit lokale som legg til rette for den rette intime tangostemminga, seier Robak.

* Bandleonist Øyvind Robak (t.h.) er initiativtakar til Tangofestivalen 2013 i Volda. Her saman med Øystein Egset på gitar.



* - Det er veldig positivt at det har vorte skipa ein tangofestival i Volda, meiner Hjalmar Eiksund (t.h.). Her saman med Øystein Oye som spelar kontrabass i Tangolauget.



* Tangokonserten var ei fin oppleving, synest Kristen Irene Buset.